



MELDING
om
FISKEBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
1973

Navnet på vatnet Skittjörn
Kommune Sandnes

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap v/ E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øyvind Vasshaug.

SKITTJØRN

Analysen vart foreteken den 7. nov. 1973.

Føremålet med denne analysen, var å sjå korleis tilheva ville vera for fisk i Skittjørn, då vatnet ligg innafor det området som det er planar om skal leggjast ut som Arboret for Rogaland.

Skittjørn ligg i Sandnes kommune, nærare stadfest i Melshei, og på vestsida av vegen mellom Bråstein og Sviland.

Arealet er omlag 12 dekar og h. o. h. ca. 56 m.

Då vatnet er oppdemt, består stranda for det meste av jord og gjerme. Det er ganske grunt frå strandkanten og utover (ca. 10m), men brått blir det djupare og største djup er ca. 8-10 m midt utpå.

Gjermebotn vil ein finna over heile vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Nedslagsfeltet femner stort sett om skogsmark, men og noko dyrka mark. Her veks kulturskog - for det meste gran.

Vegetasjonen i vatnet er sær sers frodig og ein vil finna nekkeroser, flotgras, snelle, siv- og algevegetasjon frå stranda og utover. Det største bekketilsiget fell inn på nordsida og kjem frå Myklebust.

Avlaupet renn ut i sør-vest og går til Bråsteinvatnet.

Dei kjemiske tilheva.

Siktedjupet er berre 2.0 m og fargen på vatnet sterkt brunleg-gul som indikerar påverknad av humus (myr).

Surheita pH er målt til 6.6 som er mykje godt for aure.

Innhaldet av kalk (CaO) er 6.0 mg/l og den totale hardheita 14.5 mg/l. Dette er høge tal om ein samanliknar med andre analyserte vatn.

Leiingsemna $K_{18} = 98.9 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Gjennomstrøyminga er liten.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 og 5.0 m djup og ein kom til fylgjande resultat:

På 2.0 m vart det funne 17 muslingar, 2 fjærmygglarver, 1 gjellsnegle, 2 vannmidd og 2 fåberstemark - i alt 240 individ pr. m².

5,0 meteren gav som resultat 16 svevemygglarver, 3 fåberstemark og 1 fjærmugglarve tilsvarande 200 individ pr. m².

Samla resultat syner etter dette at det er relativt bra med næringsdyr i vatnet. Mange arter av dei verdfulle næringsdyra er her representert.

Vi skal vidare merka oss svevemygglarvene som indikerer surstofffattige vatn.

Planktonprøver:

Det vart teke eit horisontaltrekk på ca. 50 m med planktonhov og resultatet var ein rik prøve der dafnier og hoppekreps dominerte.

Fisk m.v.

Fiskeslaga utgjør aure og ål.

Det vart ikkje sett ut garn i samband med denne analysen, men fisken vakte fleire stader då analysen vart foreteken, så det er på det reine at der er aure i vatnet i dag.

Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som relativt næringsrikt og der tilheva normalt skulle liggja godt til rette for fisken.

Fåren med vatn av dette slaget er, at surstoffsvikt periodevis kan oppstå. På 5,0 m vart det funne 160 svevemygglarver pr. m² og desse larvene er nettopp ein indikator på surstofffattige vatn.

Vatnet er lite, men det har etter måten ei stor og grunn strandsone. Gjennomstrøyminga må ein anta vil vera heilt minimal i tørkeperiodar om sumaren.

Ein må vidare anta, at bekken frå Myklebust fører ein del næringsstoff med seg og som då gir seg utslag i ein mykje frodig vegetasjon i vatnet.

I slike vatn som dette, kan det ein kallar for "vinterdød" inntreffa. Fisken går til grunne fordi surstoffinnhaldet kan bli for lite om vinteren. Årsaka er, at is og sne isolerar for lyset og dermed set ned plantene si assimilasjonsemne. Når plantene så åndar, kan dei bruke så mykje av det surstoffet som er oppløyst i vatnet at det oppstår surstoffmangel og fisken døyr ut.

I tillegg til dette kjem så nedbrytinga av store mengder organisk materiale og som også krev sitt av surstoffet.

Dette kan og inntreffa om sumaren. Ein tørr og varm sumar, med

blikkstilte ver og minimale tilsig, vil redusere surstoffinnhaldet i vatnet. Særleg om natta kan dette føre til ein for stor organisk belastning, med den fylgje at surstoffmengda søkk under den kritiske grensa for fisken.

I meir regnfulle og blåsande sumrar, som er det vanlege på våre kanter, skulle ikkje fåren for "sumardød" vera særleg stor. Slik tilheva er i Skittjern i dag, vil fisken vanskeleg kunna formere seg. Det må i såfall vera på avlaupsbekken at fisken gyt, men også her er tilheva dårlege. Den fisken som i dag er å finna i Skittjern, må ein anta under flaumar har gått opp frå Bråsteinsvatnet.

Praktiske tiltak.

Finn styret for Arboretet å vilja setje ut regnbueaure i Skittjern er det grunn til å tru at denne vil koma til å vekse godt og trivast i vatnet. Det må i såfall setjast opp ei nettingramme for utlaupet, slik at ikkje fisken kan gå ut.

Vidare må ein med småmaska garn fiske ut storparten av den fisken som er i vatnet og søkje Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, Strandgt. 191, 5000 Bergen om løyve til regnbue-utsetjing. Eit hovande antal settefisk skulle vera ca. 25 stk.

Skulle "fiskedød" år om anna inntreffe, vil det reint økonomisk bety lite om ein må setje ut ny fisk.

Stavanger 26/11 1973

Einar Berg.